

Uskedeling i nøkkelrolle

24.09.2013

Uskedelingen Tor Erik Eide er no i ein nøkkelrolle som hovudtillitsvald i Sjøforsvaret på Håkonsvern. Han har nyleg møtt generalinspektøren for sjøforsvaret, kontreadmiral Bernt Grimstvedt (biletet) som presenterte ein rapport med oversikt over konkurransen våpengreinen har om personell med teknisk og operativ kompetanse.

I ein artikkel i samband med dette skriv Eide at det i tillegg til å jobbe kontinuerlig for å behalda personellet vil vera viktig å analysera kvifor mange vel å gå over til ein sivil karriere.

Offshorenæringen har hatt ein enorm vekst og held fram med veksten. Det vert no ei viktig oppgåve å arbeide aktivt for å re-rekruttere personell som har satsa sivilt.